

Møtereferat

Dato: 14.03.2016

Emne:	Rapport frå skulebesøk på Øystese gymnas 03.03.2016	
Til stades:	Rektor Ingebjørg Bakke, ass. rektor Svein Ove Duesund, avd. leiar Samson Håland, elevinspektør Åse Botnen, till.valde Gry Svartveit og Oddbjørn Berge, elevrepresentantar Magnus Torvik og Magnus Elkær Stentsøe samt Evy Kleivane og Atle Kjosås frå Norheimsund vgs. Frå skuleeigar møtte regionsleiar Annbjørg Laupsa og seniorrådgivar Marianne Haaland	
Forfall:		Sak: 2016/300-6
Møtetid:	10.00-12.45	Møtestad: Øystese gymnas

Møteleiar: Annbjørg Laupsa
Referent: Marianne Haaland

Sak A. Rektor ønskte velkommen. Alle deltakarane frå Øystese gymnas deltok på møtet i fjor. Dei to representantane frå Norheimsund vgs deltok då Øystese gymnas og Norheimsund vgs står framfor ei administrativ samanslåing frå hausten 2016.

Sak B.1 Tema som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid.

Styrka språkopplæring.

Lærer Gry Svartveit presenterte skulen sitt differensiert opplegg for framandspråk, i spansk og tysk. Opplæringa er lagt opp på ulike nivå, tilpassa elevane sin kompetanse. I spansk er undervisninga delt opp i tre grupper, fordelt etter nivå, men elevane kan gå over frå ei gruppe til ei anna etter ønskje. I tysk er det delt inn i to grupper etter same prinsipp. Gruppene er samansett på bakgrunn av kompetanse, ikkje om dei er i vg1/vg2. I tillegg får elevane ei veker språkskule i Spania eller Tyskland. Dette er frivillig, men de fleste deltar. Ca 60 elevar deltar i spansk-tilbodet, rundt 30 på tysk. Ordninga er arbeidskrevjande når det gjeld vurdering tilpassa dei ulike nivåa.

Både lærarar og elevar er godt nøgde med denne organiseringa, også då den er fleksibel med moglegheit for å bevege seg mellom nivåa.

Tal på elevar som ønskjer spansk som framandspråk har stagnert noko, medan søknad til tysk opplever auke.

Auka gjennomføring for alle, særleg for dei minoritetsspråklege elevane.

Øystese gymnas har rundt 25 minoritetsspråklege elevar. Lærer Gry Svartveit har ca 20 % stilling med særleg ansvar for dette feltet. Skulen har tidlegare år hatt innføringsklasse, men ikkje i inneverande skuleår. Elevane deler seg i to grupper, barn av arbeidsinnvandrar og asylsøkjjarar/flyktingar. Begge gruppene har utfordringar språkleg og er i risikograppa for fråfall. Mange av elevane tek vg1 over to år. Dei får tilbod om praksis kombinert med skule. Det er blitt vanskelegare å rekruttere praksisplassar lokalt. Frå januar har skulen oppretta tilbod om leksehjelp ein dag per veke, eit tilbod mange nyttar.

I tillegg får elevar tilbod om støtteundervisning i fritimar, basert på kartlegging. Norsktimane er parallellagt slik at det er høve til å nytte timar i framandspråk for dei som har behov for det.

Klassens time, kvar veke, gir særleg retta informasjon til målgruppa.

På spørsmål om dei nyttar nettprogrammet Veien fram, opplever dei at det er vanskeleg tilgjengeleg og ønskjer ei vurdering om det er andre, betre norskprogram på nett. Skulen prøver no ut Norsk pluss. Skuleeigar tar dette opp vidare.

Sak B.2 Korleis vil skulen i lys av nytt styringsdokument og samanslått skule, jobbe med felles utviklingsplan for neste skuleår, og korleis vil de trekke inn elevane?

Skulen har hatt eit fellesmøte med begge skulane. Eit planlagt felles utviklingsprosjekt med bruk av lese Brett blei mislukka grunna manglande tilgang på bøker på det aktuelle lese Brettet som var kjøpt inn. Dette blei ein fiasko, og bortkasta pengar. Litt uklart kva som var grunnlaget, men prosjektet er ikkje gjennomførbart.

Skuleeigar oppmoda skuleleiinga til å lage ein konkret strategi og framdriftsplan for arbeidet med samanslåinga. Det hastar, det er mange faktorar som spelar inn og mange omsyn som må takast. Føresetnadene for ein god prosess er god informasjon og medverknad for dei impliserte.

Skulen etterlyste økonomiske ressursar for å lette prosessen, dei opplever teikn på innskrenkingar. Elevane ønskjer meir informasjon og å bli trekte inn i prosessen. Her kan skulen bruke ITL, leggje ut løpande informasjon til elevråda på begge skulane. Dei blei også oppmoda til å bruke videokonferansar til møte mellom skulane.

Sak C. Elevane sitt læringsutbytte og gjennomføring

Skuleeigar hadde registrert ei nedgang i gjennomføringa frå siste skuleår. Dette skuldast stryk i faget informatikk, heile klassen på fem elevar strauk.

Skulen skårar høgt på arbeidsro, støtte frå lærarar og felles reglar på skulen.

Dei har raudt på motivasjon, det same hadde dei siste skuleår. Elevane oppgir fleire grunner, m.a. dårleg rådgiving i ungdomsskulen som fører til feilval hos nokre elevar. Alle klassane har hatt tema opp, ein finn ulike årsaker, m.a. vanskelege fag (jfr. rådgiving)/feilval, men også krav til større variasjon i opplæringa. Resultatet av drøftingane er blitt presentert for skuleleiinga. Nokre utfordringar er knytt til lærarar. Leiinga tar det vidare med avdelingsleiarar på skulen. Målet er ei generell tilnærming der ein ser på metodikken i faga. Dette er tema for klasselærarråd. Arbeidet med metodikk kan knyttast til bruk av ny teknologi. Generelt er det behov for variasjon og struktur i opplæringa. Skulen må også styrke kravet til alle lærarar om at all informasjon til elevane blir lagt ut på ITL.

Vurdering – skulen har konkrete planar om felles innsats for gode og konkrete tilbakemeldinga, som også verkar inn på elevane sin motivasjon og gjennomføring.

Det blei peika på at det er lettare å fokusere på variasjon i vg1, frå vg2 er det større krav til det som skal gjennomgåast og i høve krav som stillast til eksamen.

Skulen skårar grønt på elevmedverknad. Etter elevane sitt syn er det ulike oppfatningar blant elevane om krav til undervisninga, ikkje alle legg vekt på variasjon. Skulen meiner ein må sjå opplæringa både i eit kortsiktig og langsiktig perspektiv. Over eit heilt skuleår vil opplæringa innehalde mange variasjonar med omsyn til metode og arenaer.

Samarbeid med ungdomsskulen kan bli betre, i samarbeid om overgangen frå ungdomsskulen og til vidaregåande opplæring, og også når det gjeld rådgiving og arbeid med gjennomgåande læreplanar samt vurdering. Dette arbeidet vil bli prioritert framover m.a. via felles planleggingsdag.

Punkt D. Nytt styringsdokument

Kva vil skule jobbe legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Kva endringar vil det nye styringsdokumentet medføre med omsyn til korleis skulen arbeider med utviklingsarbeid?

Samla sett vil skulen jobbe vidare med:

- Motivasjon – sjå punkt C
- Minoritetsspråklege elevar
- Samarbeid med ungdomsskulen

Øystese gymnas har særlege utfordringar knytt til samanslåing med Norheimsund vidaregåande skule frå hausten 2016 og til utforming av felles utviklingsplanar for neste periode. Dei har hatt eit fellesmøte om dette, men må lage ein konkret framdriftsplan for korleis dei vil legge opp arbeidet, både med omsyn til informasjon til alle dei berørte, og som inkluderer elevmedverknad/samarbeid med elevrådet.

Punkt E. Oppsummering og evaluering

Kva konkret vil du ta med deg vidare i arbeidet med å nå hovudmålet om auka læringsutbytte og fullføring? Tilbakemelding om møtet.

Rektor opplevde at dei ikkje har dei store utfordringane med omsyn til gjennomføring. Det blei stilt spørsmål om ikkje det var naturleg å differensiere oppfølginga på skular, og rette meir innsats mot skular med større utfordringar enn Øystese gymnas.

Møtet var prega av god dialog. Representantane frå Norheimsund vidaregåande skule opplevde det som viktig å få innsikt i arbeidet på Øystese gymnas, og la spesielt merke til godt elevsamarbeid på skulen. Men også at det er mange utfordringar framover.

Elevane var godt nøgde, dei opplever å bli høyrde og at deira innspel blir følgd opp. Leiinga må sende over saker dei ønskjer at elevrådet skal jobbe med, her kan det bli meir systematikk.

Ellers er utviklingsarbeidet prega av arbeid for den offentlege skulen i Kvam.